



Helgesen Tekniske Bygg AS
Valestrand
5281 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/746 - 18/5148

Saksbehandlar:
Katrine Bjordal Midttun
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:
04.04.2018

Byggesak Gbnr 45/10 Manger - Bygning for trafo, anlegg for overvatn og teknisk anlegg (røyrføring i grunn)- eitt trinns søknad- godkjenning

Delegasjonssak nr.: 076/2018

Administrativt vedtak. Saknr: 076/2018

Adresse: Toskavegen 190
Tiltakshavar: Granit Radøy AS
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske-bygg AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av trafobygg med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 56 m². (12,8 m x 4,4 m), handtering av overvatn og tekniskanlegg/røyrføringar i grunn. Utnytingsgrad på tiltaket er opplyst til 4,70% BYA.

Det vert elles vist til søknad motteke 23.03.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.03.2018 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen er omfatta av reguleringsplanen for Manger industriområde, Kjebogen, planid 12602015000200. Eigedomen har arealføremål industri.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande reguleringsplan er 50% BYA.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 28.09.2017.

Det følgjer av plankartet at planeringshøgda er kote +2,5, bygningsstyresmakta legg til grunn at fastsett planeringshøgde blir følgt.

Tiltaket er plassert innafør byggegrense, og er såleis i tråd med plan.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra avkjørsel til offentleg veg som følgjer av godkjent reguleringsplan.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10), jf. pbl. § 29-5.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Helgesen Tekniske-bygg AS** org.nr. **965012044**, har erklært ansvarsrett som ansvarleg søker (**SØK**).

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Helgesen Tekniske- bygg AS**, org.nr. **965012044**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) prosjektering** oppmålingsteknisk, arkitektur og konstruksjonssikkerhet.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Haugland VVS**, org.nr. **931442295**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterende (PRO) prosjektering** sanitærinnstallasjonar.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Helgesen Tekniske-bygg AS**, org.nr. **965012044**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde **utførende (UTF) utføring** montering av prefabrikkert betong. betong. Utstikking av trafobygg.

Tømrerarbeid. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Haugland VVS**, org.nr. **931442295**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **utførende (UTF) utføring** sanitærinnstallasjonar.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Sartor Maskin AS**, org. nr. **957213219**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde **utførende (UTF) utføring** grunnarbeid for grøfter. Utstikking av ledningstraseer.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Stoltz Entreprenør AS**, org. nr. **980353508**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde **utførende (UTF) utføring** plasstøpt betong.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Helgesen Tekniske- bygg AS	965012044	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Helgesen Tekniske- bygg AS	965012044	S	1	Prosjektering oppmålingsteknisk, arkitektur, konstruksjonssikkerhet
PRO	Haugland VVS	931442295	S	1	Prosjektering sanitærinnstallasjonar
UTF	Helgesen Tekniske- bygg AS	965012044	S	1	Utføring montering av prefabrikkert betong, utstikking av trafobygg, tømrerarbeid.
UTF	Haugland VVS	931442295	S	1	Utføring sanitærinnstallasjonar
UTF	Sartor Maskin AS	957213219	S	1	Utføring for grøfter. Utsikking av ledningstraseer
UTF	Stoltz Entreprenør AS	980353508	S	1	Utføring plasstøpt betong

*S = Sentral godkjenning,

VURDERING

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a, vert det GODKJENT løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av trafobygg handtering av overvatn og tekniskanlegg/røyrføringar i grunn på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 28.09.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Saman med søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest må det sendas innmålingsdata for trafobygg og leidningsnett til kommunen.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
4. Ansvarleg søkjar er ansvarleg for at tiltaket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova §23-1,2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Gebyr

Kode: 10.2.6. Basisgebyr konstruksjonar og anlegg kr. 20 100,-

Sum totalt: **kr. 20 100,-**

Gebynet skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at

høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/746-18/5148

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun
jurist byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Granit Radøy AS

Vetåsvegen 181 5938

SÆBØVÅGEN

Mottakere:

Helgesen Tekniske Bygg AS

Valestrand

5281

VALESTRANDSFOSEN